# Manual for å logge inn på Helsenorge.no

## Folkehelseundersøkinga 2026 i Vestland

Dette er ein manual som syner korleis ein finn fram til Folkehelseundersøkinga i Helsenorge.no.

**Innhald:**


- Kven kan delta i undersøkninga?
- Varsel frå Helsenorge, varslingsval og varslingsinnstillingar
- Dersom du har fullmakt for fleire; vel rett person
- Finn invitasjon i innboks (alternativ 1)
- Finn invitasjon i varsel (alternativ 2)
- Opne spørjeskjema
- Samtykke
- Val av språk
- Kontakt


Gjeld 16.-28. april 2026

Vestland fylkeskommune

# Kven kan delta i undersøkinga?

Undersøkinga går ut til 222 000 innbyggjarar i Vestland. **Berre dei som får invitasjon kan svare.**

Svindelforsøk er vanleg. Vestland fylkeskommune er kjent med svindelforsøk der innbyggjarar i Vestland har motteke e-post frå nokon som gir seg ut for vere Folkehelseinstituttet og ber mottakaren trykke på ei lenke.

**Aldri trykk på lenker ein får tilsendt på SMS, mail eller andre kanalar – ein skal alltid gå via dei offisielle nettsidene.**



# Varsel frå Helsenorge

Invitasjon til undersøkinga kjem i Helsenorge. Ein får varsel avhengig av personlege innstillingar i Helsenorge; nokon får sms, nokon får e-post og andre får begge deler.



# Varslingsvalg en deltaker kan ha:



# Varslings-innstillinger

Deltaker får varsel om ny melding på Helsenorge.

Varseloppsettet avgjør hvilke varsler en får.
HN → Meny → Profil og inntillinger → Varselinnstillinger → se skjermdump:







Eksempelet er fra appen

Sjekk hvilke innstillinger du har på Helsenorge!

# Dersom du har fullmakt for fleire; vel rett person

- Vel rett person som er invitert til å delta i undersøkinga:



# Finn invitasjon i innboks (alternativ 1)

Klikk på «Innboks» på framsida:




I innboks finn du oppgåva «Invitasjon til Folkehelseundersøking i Vestland fylke 2026» frå Folkehelseinstituttet. Klikk på «Se detaljer»:




Vestland fylkeskommune

# Finn invitasjon i varsel (alternativ 2)

Klikk på «Varsler» på toppen av sida:




I lista finn du ei ny melding frå Folkehelseinstituttet. Klikk på «Se meir»:




Vestland fylkeskommune

# Opne spørjeskjema

Klikk på «Gå til skjema» for å kome fram til spørjeskjema:




Dersom utfylling av spørjeskjema er påbegynt på tidlegare tidspunkt, finn du igjen skjema i innboks eller i varsel. Klikk på «Forsett utfylling» for å kome fram til spørjeskjema igjen:




e

# Samtykke




Når ein kjem inn i spørjeskjema må ein først svare på om ein vil delta i undersøkinga.

Dei som vel **«Ja, eg ønsker å delta»** og trykker «Send og gå videre» kjem fram til spørjeskjemaet. Då vil ein også motta påminningar om ev. uferdig oppgåve seinare.

Dei som vel **«Nei, eg ønsker ikkje å delta»** og trykker «Send» vil ikkje få fleire påminningar i samband med undersøkinga.

Vestland fylkeskommune

# Val av språk

I Helsenorge sin portal kan ein velje bokmål, nynorsk og engelsk.

Spørjeskjema til undersøkinga er tilgjengeleg på:

- Bokmål eller nynorsk
- Engelsk
- Polsk
- Ukrainsk

Respondenten vel språk når dei har kome inn i spørjeskjema.




Vestland fylkeskommune

# Kontakt

## Vestland fylkeskommune

Dersom du har spørsmål om Folkehelseundersøkinga, kan du ta kontakt med Vestland fylkeskommune på e-post eller telefon:

**E-post:** fhus@vlfk.no

**Telefon:** 90 14 53 55
(måndag–fredag kl. 09:00–15:00)

## Folkehelseinstituttet

Tekniske spørsmål om invitasjon og spørjeskjema, og dessutan spørsmål om personvern og vidare behandling av data.

**E-post:** fhus-deltaker@fhi.no

**Telefon** (sentralbord):
21 07 70 00

## Helsenorge

Rettleiing på telefon:
23 32 70 00